



Arkivnr: 2015/4828-1

Saksbehandlar: Anne Vedvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		03.06.2015

## Oppretting av 5 nye reserveløyve tilknytt Osterøy Taxi AS

### Samandrag

Osterøy Taxi har ved brev av 21.04.2015 søkt om å få oppretta 5 nye reservedrosjeløyve i sentralen. Samferdselsutvalet har fullmakt til å fastsetja løyvetal for ordinære drosjeløyve og reserveløyve, jf. delegasjonsreglementet.

### Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert etablert 5 nye reserveløyve knytt til Osterøy Taxi AS. Løyva skal kunnjerast internt blant løyvehavarane i sentralen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.05.2015

### Bakgrunn

Osterøy Taxi har ved brev av 21.04.2015 søkt om å få oppretta 5 nye reservedrosjeløyve i sentralen.

I dag er det 6 ordinære drosjeløyve og 8 reserveløyve knytt til Osterøy Taxi, totalt 14 løyve. 5 av løyvehavarane driv drosjeverksemd med 1 permanent erstatningsbil med eige taksameter i tillegg til dei tildelte drosjeløyva. Det går fram av yrkestransportforskrifta § 48, tredje ledd at:

*«Er løyvehavers ordinære vogn som følge av skade eller reparasjon ute av drift, kan løyvehaver i stede sette inn en annen vogn som fyller kravene i første og annet ledd.(...)»*

Vilkåret for å nytta erstatningsbil er driftsstans på den ordinære drosja som fylgje av skade eller reparasjon. Det er vidare ein føresetnad at det er taksameter i den ordinære drosja som vert montert i erstatningsbilen. Dette har departementet presisert i brev til Hordaland fylkeskommune av 19.02.2015.

Praksisen med permanent erstatningsbil med eige taksameter er ikkje i tråd med gjeldande regelverk. Ved brev av 17.04.2015 kontakta samferdselsavdelinga alle dei løyvehavarar i Hordaland som ein kjenner til har slik permanent erstatningsbil, og orienterte om regelverk og tolking. Det vart sett frist for avvikling av praksisen til 1. august 2015. Etter dette tidspunktet vert slik praksis handsama som brot på regelverket. Osterøy Taxi har no søkt om oppretting av reservedrosjeløyve i staden for erstatningsbilane.

Osterøy Taxi AS gjer i søknad av 21.04.2015 greie for behovet for drosjetenester. Sentralen hevdar det ikkje er behov for fleire ordinære drosjeløyve på Osterøy, at etterspurnaden etter drosjetenester i området går ned, men at det er behov for 14 bilar på jobb på visse tider. Ved kortare driftsstans og i periodar med auka etterspurnad, kan tilbodet vera for lite med eksisterande løyve. Sentralen meiner at det er trong for 5 ekstra bilar.

### Fylkesrådmannen sine merknader

Osterøy Taxi AS har ingen ledige løyve. Ein konstaterer at løyvehavarar i sentralen har drive drosjeverksemd med fleire bilar enn dei har løyve til, og at dei etter presiseringa av regelverket, no ynskjer å innretta drifta etter dette.

Eit alternativ til å etablera 5 nye reserveløyve, kan vera å etablera 1-2 nye ordinære drosjeløyve. Slike må kunngjerast ledige i pressa og eksterne søkjarar kan søkja. Dersom det melder seg kvalifiserte eksterne søkjarar kan etablering av nye ordinære drosjeløyve gje rekruttering til næringa på Osterøy.

Folketalet i Osterøy er i nedgang. Det bur omlag 7772 personar der no. Dette gjev ei drosjedekning på omlag 1 drosje per 555 personar. Dekninga er godt over landsgjennomsnittet som er omlag 1 drosje per 604 personar, men klårt under drosjedekninga i Bergen køyreområde som er omlag 1 drosje per 439 personar. Det er grunn til å tru at drosjedekninga i Osterøy er passande.

Ordinære drosjeløyve har som utgangspunkt driveplikt heile døgnet, heile året, og det vil derfor ikkje vera knytt same fleksibilitet til bruken av ordinære drosjeløyve som til reserveløyve. Ved etablering av fleire ordinære drosjeløyve på Osterøy kan innteninga for kvart løyve gå ned, fordi tilbodet vert større enn etterspurnaden. Dette kan gje negative verknader for næringa og dermed drosjetilbodet i kommunen på sikt.

Hovudregelen er at det vert tildelt 1 hovudløyve og 1 reserveløyve per løyvehavar. Reserveløyve vert berre tildelt til søkjar som allereie har hovudløyve. Etablering av 5 ekstra reserveløyve knytt til Osterøy Taxi vil føra til at løyvehavarane får fleire løyve enn hovudregelen og unntaket vert regelen i sentralen. Samstundes ser ein at drift med 5 permanente erstatningsbilar har gjort sentralen fleksibel i forhold til å møte svingingar i etterspurnaden. 5 nye reservedrosjer vil erstatta dagens erstatningsbilar og fylkesrådmannen legg derfor til grunn at dagens tilbod til publikum vert sikra. På denne bakgrunn rår fylkesrådmannen til at det vert etablert 5 nye reserveløyve knytt til Osterøy Taxi. Løyva skal kunngjerast internt i sentralen.